

Retningslinjer for sal og skjenking av alkoholholdig drikk i Bjerkreim kommune

2020 – 2024

Vedteke av kommunestyret 16.06.2020, sak 037/20
Vedteke endring av kommunestyret 15.02.2022, sak 002/22



BJERKREIM
K O M M U N E

Retningslinjer for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk i Bjerkreim kommune - Perioden 2020 – 2024

Vedteke av kommunestyret 16.06.2020, sak 037/20
Vedteke endring i pkt. 5.2 av kommunestyret 15.02.2022, sak 002/22

Heimel: Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. av 2. juni 1989 nr. 27 (Alkohollova) og forskrifter og påbod som er gitt i medhald av lova.

1. Formål

Lovens formål:

I størst mulig utstrekning å avgrensa dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan innebera. Som eit ledd i dette siktar loven på å avgrensa forbruket av alkoholhaldige drikkevarar.

Formålet med desse retningslinjene:

- forutsigbarhet og likebehandling
- ordna former for omsetning av alkohol
- effektiv saksbehandling

2. Felles reglar for faste sals- og skjenkeløyve

Tildeling av sals- og skjenkeløyve

Kommunen kan tildela to hovudtypar løyve:

- Salsløyve
- Skjenkeløyve

Løyvene kan gis fast, for ein bestemt del av året eller for eit einskilt høve.

Kommunen kan gi løyve for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk for inntil 4 år om gongen. Kommunen kan vidare bestemma at alle eller enkelte løyve likevel ikkje skal opphøyra, men gjelda for ein ny periode på inntil 4 år. Føresetnaden er at alkoholpolitikken er gjennomgått etter siste kommuneval (at den rusmiddelpolitiske handlingsplanen er rullert for ny periode).

- Bjerkreim gjeld alle sals- og skjenkeløyvene gitt for perioden 2016 – 2020 vidare også for perioden 2020 – 2024. Det må gjerast enkeltvedtak om dette for kvart løyve.
- Eit permanent sals- eller skjenkeløyve kan ikkje takast i bruk før styrar og avløysar for styrar har bestått kunnskapsprøven.
- Eit permanent sals- eller skjenkeløyve kan ikkje takast i bruk før verksemda har fått godkjent internkontrollsystemet av rådmannen eller skjenkekontrollen.
- Dei som får sals- eller skjenkeløyve pliktar årleg å gi kommunen skriftleg oversikt over omsetning/reviderte rekneskapstal.
- Dei som får alminneleg skjenkeløyve og ikkje har faste opningstider, og dei som får fast skjenkeløyve for slutta lag, pliktar å gi kommunen opplysningar om tilstellingar slik at skjenkekontroll vert lett å utføra. Rådmannen gir nærare fristar.

2.1 Salsløyve

I perioden 2020 - 2024 kan det i Bjerkreim kommune gis inntil 4 løyve for sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 vol.% alkohol (gruppe 1). Løyva er lagt til daglegvareforretningar i kommunen.

I tillegg kan det, etter ei konkret vurdering, gis kommunalt salsløyve som utvidast til å gjelda innførsel og/eller produksjon av alkohol for sal i eigen verksemd, jf. alkh. § 3-1b.

2.1.1 Nettsal av alkohol

I Bjerkreim kommune vert det ikkje gitt løyve for sal av alkoholhaldig drikk på internett eller for levering direkte heim til kjøpar.

2.2 Skjenkeløyve

Kommunen kan iflg. Alkohollova ha fleire typar skjenkestader, som hotell, restaurantar, kafear, pubar og diskotek mm.

Eit skjenkeløyve kan gjelda alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 vol.% alkohol (gruppe 1), alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 vol.% (gruppe 1 og 2) eller all alkoholhaldig drikk (gruppe 1, 2 og 3), jf. alkh. § 4-2.

Eit kommunalt skjenkeløyve kan, etter ei konkret vurdering, utvidast til å gjelda innførsel og/eller produksjon av alkohol for skjenking i eigen verksemd, jf. alkh. § 4-2, 3. ledd.

2.2.1 Uteservering

Det kan etter ei konkret vurdering gis løyve for skjenking av alkohol på eit eigna, klart avgrensa uteareal i tilknytning til ein skjenkestad.

Uteservering av alkohol for skjenkestader som ligg i bustadområde eller i umiddelbar nærleik til bustadområde, må opphøyra seinast kl. 24.00. Ved enkeltarrangement og slutta lag kan det etter søknad gjerast unntak frå denne regelen.

Ved uteservering må skjenkearealet tydeleg avgrensast. Musikk eller underhalding må ikkje vera til vesentleg sjenanse eller ulempe for dei som bur ved eller oppheld seg i området der uteserveringa pågår.

3. Skjenkeløyve for eit einskilt høve og ambulerande løyve

Kommunen kan gi alminneleg skjenkeløyve for ein bestemt del av året, eller for eit einskilt høve, jf. alkh. §1-6.

Vidare kan det kan gis ambulerande skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 til slutta lag, jf. alkh. § 4-5.

Tildeling av ambulerande løyve og løyve for eit einskilt høve kan delegerast til administrasjonssjefen (rådmannen) i samsvar med Kommune-loven § 13-1, 6. ledd.

3.1 Store arrangement

Ved store einskilt høve (t.d. over 500 personar) kan kommunen etter ei konkret vurdering forlanga at styrar/avløysar har bestått kunnskapsprøven. Kommunen kan også forlanga at arrangøren utarbeider skriftlege rutinar/internkontrollsystem for skjenkinga og at desse skal godkjennast av kommunen før skjenkeløyve vert gitt.

4. Alkohol ved arrangement i kommunale bygg

Det er ikkje tillate å servera alkohol ved arrangement som er lagt til kommunale bygg. Det kan søkjast dispensasjon frå denne regelen ved spesielle høve.

I kommunale sjukeheimar og andre institusjonar med heildøgns omsorgsteneste, kan det serverast alkohol utan løyve til bebuarar og deira gjester. Servering av alkohol mot vederlag krev skjenkeløyve, også når det bare vert skjenkt til eigne bebuarar.

5. Sals- og skjenketider i kommunen

5.1 Tidsinnskrenkingar for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 vol.% alkohol (gruppe 1) kan skje innan følgjande tider:

- Måndag - fredag kl. 08.00 - 20.00
- Laurdag kl. 08.00 - 18.00
- Dagar før helgedagar unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag kl. 08.00 - 18.00

Dette er innanfor maksimaltidene i Alkohollova, jf. § 3-7.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai.

Daglegvareforretningar som har salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, må ha teke imot betaling innan salsslutt (kl. 20.00/18.00) for at salet av drikken skal kunna skje. Dette medfører at det ikkje er nødvendig med gardin e.l. over nemnde varer etter salsslutt for desse.

5.2 Tidsinnskrenkingar for skjenking av alkoholhaldig drikk

Skjenking av alkoholhaldig drikk kan skje innan følgjande tider:

- Drikk som inneheld mellom 22 og 60 vol.% alkohol (gruppe 3):
Alle dagar kl. 13.00 - 24.00
- Annan alkoholhaldig drikk (gruppe 1 og 2)
Alle dagar *kl. 08.00 - 01.00

Merk: Ny tid er vedteken; *kl. 13.00 - 01.00 for nye verksemdar ut perioden, jf. vedtak i kommunestyret 15.02.2022, sak 002/22.

Dette følgjer normalt tidene i Alkohollova § 4-4.

Den fastsette skjenketida kan etter søknad utvidast for eit einskilt høve.

Utskjenkt alkoholhaldig drikk må konsumerast seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Sjå òg tidsinnskrenkingar for uteservering i pkt. 2.2.1.

6. Gebyr for sal og skjenking

Kommunen skal fastsetja gebyr for sals- og skjenkebevillingar, jf. alkhl. § 7-1.

Alkoholforskrifta kapittel 6 angir gebyrsatsar, utrekningsmåte og minstegebyr.

Minstegebyret skal sikra kommunen ein viss dekking for utgifter til søknadsbehandling og kontroll. Gebyrsatsane i forskrifta § 6-2 vert endra ein gong i året.

Bjerkreim kommune sine gebyr for sal og skjenking skal til ei kvar tid følgja satsane i alkoholforskrifta § 6-2. Dette gjeld også gebyr for ambulerande skjenkeløyve til slutta lag.

Gebyr for skjenking ved einskilt høve vert fastsett slik:

- Inntil 150 deltakarar - følgjer satsen for ambulerande løyve
- Inntil 300 deltakarar - 1 ½ gong satsen for ambulerande løyve
- Inntil 500 deltakarar - 2 gonger satsen for ambulerande løyve
- Over 500 deltakarar - 2 ½ gong satsen for ambulerande løyve

7. Gjennomføring av kunnskapsprøven om alkohollova

Kommunen er ansvarleg for å gjennomføra kunnskapsprøver for styrarar og avløyssarar i verksemdar som søkjer om kommunalt sals- eller skjenkeløyve, og for sine kontrollørar. Kommunen kan òg halda slike kunnskapsprøver for kandidatar som ikkje er knytte til verksemdar med løyve. Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett forskrift om dokumentasjon av kunnskapar.

Bjerkreim kommune sin avtale med Rogaland brann og redning IKS gjeld også gjennomføring av kunnskapsprøver og etableringsprøve på vegne av kommunen.

Dei som har fått tildelt løyve for eit einskilt høve eller ambulerande løyve ved slutta lag treng ikkje ha bestått kunnskapsprøve. Bestått kunnskapsprøve kan likevel krevjast ved store enkeltarrangement jf. pkt 3.1.

8. Krav til internkontroll for sals- og skjenkestader

Alle innehavarar av permanente sals- og skjenkeløyve i kommunen skal føra internkontroll med den verksemda som vert driven i høve til løyvet og alkohollova med forskrifter.

Dokumentasjonen skal til ei kvar tid vera oppdatert og tilgjengeleg for kontrollmynde.

Kravet om internkontrollsystem gjeld ikkje for ambulerande løyve ved slutta lag.

Det vert gitt unntak frå kravet om internkontrollsystem for skjenkeløyve gitt ved eit einskilt høve, men dette kan etter ei konkret vurdering likevel vurderast ved store enkeltarrangement, jf. pkt 3.1.

Det er løyvehavar som har ansvaret for at staden har eit tilfredsstillande internkontrollsystem, men kommunen har plikt til å rettleia innehavarane i høve til desse reglane.

9. Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Kommunen har ansvaret for kontroll med sals- og skjenkeløyva, jf. alkhl. § 1-9.

Dette er eit viktig alkoholpolitisk verkemiddel for å redusera problem knytt til omsetning av alkohol. Kontrollen må særleg omfatta sals- og skjenketidene, aldersbestemmingane, og at det ikkje vert selt eller skjenka til personar som er openbart påverka av rusmiddel.

Kontrollmyndet skal mellom anna føra tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova med forskrifter, vilkåra i løyvet og dei kommunale retningslinjene elles. Det skal også førast kontroll med løyvehavar sitt internkontrollsystem.

Bjerkreim kommune har inngått avtale med Rogaland brann og redning IKS om gjennomføring av sals- og skjenkekontroll.

Sals- og skjenkestadene skal kontrollerast så ofte som det trengst. Kvar stad skal kontrollerast minst ein gong årleg og det skal utførast minst tre gonger så mange kontrollar som det er sals- og skjenkestader.

I tillegg skal det utførast kontrollar ved løyve for einskild høve og ambulerande løyve.

10. Reaksjonar ved brot på alkohollovgjevinga

Ved brot på lov og regelverk for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk, eller på regelverk som har samband med formålet i alkohollova, **skal** kommunen tildela prikkar etter prikktildelingsystem innført frå 1.1.2016, jf. Alkoholforskrifta kap. 10.

Føresegnene gjeld når det først er gjennomført kontroll som har avdekt slikt brot.

Det skal tildelast frå ein til åtte prikkar alt etter kva slag brot som har funne stad, jf. oversikt i alkoholforskrifta § 10-3. Kommunen kan tildela færre eller fleire prikkar dersom det føreligg heilt spesielle formidlande eller skjerpande tilhøve.

Dersom løyvehavar har fått tildelt til saman 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, **skal** kommunestyret inndra løyvet i ei veke. Dersom det i toårsperioden er tildelt meir enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande.

Både vedtak om prikktildeling og vedtak om inndraging av løyve er enkeltvedtak etter reglane i forvaltningsloven.

10.1 Brot ved løyve for einskilt høve og ambulerande løyve

Dersom det vert oppdaga brot på Alkohollova sine føresegner i samband med eit einskilt høve eller eit ambulerande løyve til slutta lag, **kan** bevillingshavar og/eller ansvarleg skjenkestyrar mista retten til å få løyve neste gong dei søker. Ved gjentekne brot kan ein mista retten til å søkja løyve for einskilt høve eller ambulerande løyve.

11. Delegering

Alle typar avgjersler etter alkoholloven kan delegerast til levekårsutvalet og vidaredelegerast til administrasjonssjefen i samsvar med Kommuneloven § 13-1, 6. ledd.

Administrasjonssjefen (rådmannen) kan delegera avgjerslemyndet vidare internt.

Tildeling og inndraging av permanente sals- og skjenkeløyve vert handsama av kommunestyret etter innstilling frå levekårsutvalet. Det same gjeld utviding av eit sals- eller skjenkeløyve til å omfatta tilverking og/eller import (alkhl. §§ 3-1b og 4-2, 3. ledd).

Desse avgjerslene vert delegert:

11.1 Til levekårsutvalet:

- tildeling av færre eller fleire prikkar enn det som følgjer av alkoholforskrifta § 10-3
- tildeling av løyve for eit einskilt høve etter alkhl. § 1-6 utover 3 dagar
- avgjersle om tidsavgrensa sal og skjenking
- godkjenna flytting av eksisterande løyve til nye lokale
- endring av driftsform
- dispensasjon for alkoholservering i kommunale bygg, jfr. pkt. 4

11.2 Til administrasjonen:

- gjere enkeltvedtak om at sals- og skjenkeløyver forset å gjelda for ny fireårsperiode
- tildeling av prikkar etter standardreglar i alkoholforskrifta § 10-3
- tildeling av løyve for eit einskilt høve etter alkhl. § 1-6 i inntil 3 dagar
- tildeling av ambulerande løyve til slutta lag etter alkhl. § 4-5
- avslag på søknad om løyve for einskilt høve/ambulerande løyve ved brot etter pkt. 10.1
- skifte av styrar og nestansvarleg
- utviding av eit skjenkeløyve og dispensasjon frå skjenkestad og skjenketid for eit einskilt høve etter alkhl. §§ 4-2 og 4-4
- vedtak om å avslå søknad om løyve når taket på talet på salsløyve er nådd
- godkjenning av internkontrollsystem
- gi dispensasjon frå tidsinnskrenking for uteservering, jfr. pkt. 2.2.1